

Opningstider i jula

Legekontoret

Julaftan og nyttårsaftan: Stengt

Torsdag 27. og fredag 28. desember er det vanleg opningstid ved legekontoret.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp utanom desse opningstidene, kontakt Ålesund interkommunale legevakt på tlf. **116 117**, eller ring **113**.

Helsestasjonen

Skodje helsestasjon har redusert bemanning mellom jul og nyttår.

Helsestasjonen er open torsdag 27. desember frå kl. 9.00 - 14.00. Fredag 28. desember: Stengt.

Rådhuset

Julaftan og nyttårsaftan: Stengt.

Torsdag 27. og fredag 28. desember er ekspedisjonen stengt. Telefontid er mellom kl. 10.00 og 14.00.

Det kan vere mogleg å gjere avtale på førehand med sakshandsamar.

Skodje kommune ønskjer alle

God jul
og
Godt nytt år!



Kvardagsrehabilitering i Skodje kommune

Kvardagsrehabilitering er kome for å bli i norske kommunar, og 7. januar er Skodje kommune klar for sin første deltakar.

Kvardagsrehabilitering er ein metode som har aktiv kvardag og god livskvalitet som mål for deltakarane. Det er et intensivt og tidsavgrensa tilbod på 6 veker til dei som ønskjer å vere aktiv og bu i eigen heim lengst mogleg. Fokuset er trening i daglege gjeremål heime og i nærmiljøet.

Kven er vi?

Vi er eit tverrfagleg team sett saman av sjukepleiar, hjelpepleiar og fysioterapeut som kjem heim til deltakaren og gjer ei systematisk kartlegging av kva dei klarer og kva dei har utfordringar med. I samarbeid set ein mål som deltakaren meiner er viktig å mestre i sin kvardag. Derfor startar vi med å spørje dei: «Kva er viktig i livet ditt no?»

Teamet samarbeider med heimetreningar frå heimebasert omsorg, og dei vil kome heim til deltakaren fem dagar i veka og trene med dei for å nå deira mål.

Målgruppa for kvardagsrehabilitering:

- Dei som søker om helse- og omsorgsteneste frå kommunen for første gong, eller dei som søker meir teneste.
- Dei som opplever utfordringar i kvardagen etter skade/sjukdom eller gradvis fall i funksjon.
- Dei som skal heim frå sjukehus eller korttidopphald på sjukeheim og treng ekstra støtte og trening i ein overgangsfase.
- Dei som bur heime og som har vanskar med å mestre personleg stell, matlaging og andre aktivitetar.

Lik vår facebookside:
Kvardagsrehabilitering Skodje

Demensvenleg samfunn

Arbeidsgruppa for demensvennlig samfunn er no i gang med å planlegge kurs for dei som ønskjer å bli aktivtetsvenn for ein person med demens. Kurset går over to kveldar à 3 timar. 4. februar og 11. februar er sett av. Kurset tar for seg følgjande tema:

- Nasjonalforeningen for folkehelsen
- Aktivitetsvenn og frivillighet
- Rolla som frivillig
- Demens
- Kommunikasjon og samhandling

Informasjon om påmelding blir annonsert i sosiale medier og lokale oppslag. Kurset er gratis! Lat noko hyggeleg bli enda hyggelegare saman med ein person som har demens.

I veke 10 og 11 blir det halde kurs for bedrifter og organisasjonar som ønskjer å bli meir demensvenlege. Kurset varer ein time, og kan haldast i bedriftene sine egne lokaler etter behov.

Vi ønskjer at så mange bedrifter som mogleg er med for å bidra til at personar med demens skal kunne vere aktive i eige lokalmiljø. Vi i arbeidsgruppa vil rett over nyttår oppsøke dei enkelte bedriftene, med informasjon og invitasjon til kurs. Følg med på kommunen si heimeside / sosiale medier og lokale oppslag for meir informasjon etter kvart.

Ønskjer du å bli aktivtetsvenn, eller arbeider du i ei bedrift som kan vere interessert i å delta på kurs, er du velkommen til å ta kontakt.

Aina Therese Meisal

Leiar for arbeidsgruppa og demenskoordinator i Skodje kommune

E-post: aina.meisal@skodje.kommune.no

Tlf. 905 83 849 (månd.-torsd 8-15)
(NB: ikkje SMS)

Studiedagar i barnehagane

Onsdag 2. januar: Alle barnehagane er stengde.

Tysdag 15. januar: Skodje, Stette, Valle og Plassebakken barnehage er stengt.

Torsdag 24. januar: Prestemarka barnehage er stengt.

Parkering på kommunale vegar

Teknisk avdeling får ein del klager på at enkelte tek seg til rette og parkerer bilar på snuplassar og langs/på kommunale vegar. Dette er eit stort problem for renovasjonsbilar og brøytemannskap, og det kan føre til trafikkfarlege situasjonar.

Bilar som er parkerte på kommunale vegar kan verte taua vekk utan nærare varsel.

Vassmålar

Det er sendt ut varsel om avlesing til abonnentar med vassmålar. Dersom du har fått avlesingskort i posten og ønskjer å få varsel på SMS neste gong, kan du fylle ut mobilnummeret ditt på avlesingskortet, eller når du registrerer avlesinga på internett (leseav.no).

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 29. mars. Frist for innlevering til dette nummeret er 25. mars.

Nytt frå Skodje legekontor

Fastlege og kommuneoverlege Magnus Nordstrand Lied sluttar i Skodje kommune pr. 31. desember og Andreas Skuseth Heggdal tek frå 1. januar permanent over som fastlege for Nordstrand Lied sine pasientar. Heggdal vil i tillegg halde fram som tilsynslege ved Skodje omsorgssenter. Heggdal vil i nær framtid kunne auke si fastlegeliste frå 900 pasientar i dag til eit listetak på 1100.

Olav Mestad tek frå 1. januar over som kommuneoverlege i Skodje fram til kommunesamanslåinga. Mestad si fastlegeliste vert no lukka for nye pasientar. Det nye listetaket er sett til 900 pasientar. Når lista kjem under 900, kan ho opnast igjen.

Fastlege Linda Langøy har listetak på 1100 og er i tillegg helsestasjonslege.

Fastlege Knut Egil Eik har listetak på 1100 og er i tillegg tilsynslege og turnusvegeliar

Turnuslegen som arbeider hos oss no heiter Silje Aasen og kjem frå Stordal.

For oversikt over fastlegar i Skodje og ev. byte av fastlege, sjå Helsenorge.no.

Vi ønskjer alle våre pasientar og samarbeidspartnarar ei riktig God Jul!



Dette skjer

Tradisjonen tru går vi av oss juleribba med den årlege

Ribbemarsjen

2. juledag

Du startar frå Engesetdalen eller Skodje, og vi møtest på Fylling mellom kl. 12.00 og 13.00 for innskriving i manntal, ein god prat, varm gløgg og litt julegodt.

Med denne invitasjonen ønskjer Engesetdal II og Skodje IL alle i Skodje ei God julehelg!

Skodje frilynde ungdomslag ønskjer God jul og Godt nytt år til alle, og inviterer til:

Juletreffest

Fagerheim (Skodjevegen 475)

28. desember kl. 15.00 - 17.00

God, gammaldags juletreffest for heile familien, med gang rundt juletreet og program.

Tonefølgje av Jan Ove Fremmerlid

Litt å bite i får vi
- og kanskje kjem Nissen.

Arr. Skodje Frilynde UL

FORSPEL med JULEQUIZ

Triveleg romjuletreff på Fagerheim (Skodjevegen 475)

28. desember kl. 18.00

Servering

Aldersgrense 18 år.

Inngangspengar: kr 50,-

Arr. Skodje Frilynde UL

"Kommunenyt" er utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, og kommunale avdelingar. Ansvarleg redaktør: rådmann Bente Glomset Vikhagen.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no